



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
19/00557-2

Saksbehandlar:
Anders Prydz Cameron

Dato:
12. august 2019

Høyring om endringar i utlendingslova og utlendingsforskrifta - innstrammingar

Barneombodet viser til brev datert 25.4.2019 med forslag til endringar i utlendingslova og -forskrifta. Vi har nokre overordna merknadar til forslaga.

Barneombodet har med utgangspunkt i artikkane 3, 9 og 10 i barnekonvensjonen i lang tid vore bekymra for situasjonen til barn som får ein forelder utvist frå Noreg. Dette er ei stor belastning for barnet, nesten uavhengig av kva som er grunnen til at forelderen vert utvist. Vi saknar ei grundig vurdering frå departementet av kva utvisning har å seie for barn.

Forslaga i høyringsnotatet inneber at fleire enn i dag skal verte utviste, og dermed òg at fleire barn vert skilde frå foreldra sine.

Praksis i dag er at Utlendingsmyndighetene gjer ei vurdering av om utvisning er uforholdsmessig overfor barna til utlendinga som vert utvist (utl § 70). Regjeringa understrekar alltid, som i dette høyringsnotatet, at utlendingar som har barn i Noreg òg kan verte utviste. Barneombodet sitt inntrykk er at det skal mykje til for at omsynet til barnet skal slå gjennom når barnet har ein annan forelder i Noreg som kan ta vare på barnet. Lik behandling av like sakar er eit viktig prinsipp i forvaltninga, og praksis vert difor streng.

Ei utvisning kan føre til at barnet og forelderen vert skilde i lang tid, kanskje for alltid. For å få komme attende til Noreg må den gjenværande forelderen fylle vilkåra som referanseperson, mellom anna underhaldskravet. For mange foreldre som har hatt forsørgeansvar åleine over tid kan dette vere vanskeleg. For eit barn er det å være skild frå ein forelder i eit år eller lenger svært lang tid, og det kan gjere stor skade på relasjonen mellom barn og forelder.

Dersom departementet ynskjer å fremme forslag for Stortinget som inneber at fleire personar som har barn i Noreg vert utviste, anbefaler vi at forarbeida gjev klare føringar for at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn, og at konsekvensane for barn må verte vurdert grundig opp mot alvoret i saka.

Nokre av lovbrota som departementet foreslår at skal danne grunnlag for utvisning er ikkje spesielt grove. Vi ber regjeringa vurdere på nytt om utvisning for alle dei nemnde tilfella er rett reaksjon overfor personar med barn i Noreg. Barneombodet vil ikkje gå inn på kvar terskelen for utvisning skal liggje, men det er naturleg at straffbare handlingar som er særleg egna til å skade barn òg kan danne grunnlag for utvisning. Straffelova §§ 197 og 306 rammar handlingar som barn og unge er særleg utsette for, og som kan vere svært skadelege for barn.

Vi er difor positive til at regjeringa vurderer at desse skal kunne danne grunnlag for utvisning, men saknar ei drøfting av omsynet til korleis interessa til ulike barn (fornærma/pårørande) skal verte vekta i ei sak der det er aktuelt å utvise ein vaksen med barn i Noreg for eit lovbrøt mot eit anna barn.

Vi takker for mogelegheita til å komme med kommentarar til forlaget.

Venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Anders Prydz Cameron
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.